

-til teneste eller fortjeneste?

litt om serien:

Som kristne er du og eg djupast sett ikkje eigarar, men forvaltarar. Som menneske kan vi ikkje kunsten å leve, berre å ta imot liv. Og med livet som er gjeve oss, er vi Guds disponentar over ei mengd andre gode gåver frå han: tid, talent, relasjonar, materielle ressursar – og pengar. Den kristne haldninga til alt dette er: alt er gjeve meg, det er velsigningar frå Herren, Ja, Gud vil at vi skal ha det godt, men han velsignar oss også for at vi skal dele vidare. Vi er fri til å bruke alt – ikkje berre for mitt eige beste, men for å velsigne andre. Det betyr at alle ting vi disponerer i livet, også pengane, er ein integrert del av våre disippelliv.

litt om temaet:

Rikdom er ikkje ein indikator på kor mykje du er verdsett av Gud. Materieell rikdom blir fort heller erstatninga, surrogatet for det verkelege livet. Vi blir jo født utan ressursar, og ingen kan ta med seg noko på reisa vidare. Når vår verkelege rikdom ligg i kven vi er og kva vi har fått i trua på Jesus, frir det alle midlar vi måtte ha til å bli noko vi raust, takksamt og livgjevande kan dele, ikkje noko vi tviheld på som om det stod om nettopp sjølv livet. Pengar i seg sjølv er ikkje farleg, kjærleiken til pengar er farleg. Vi er kalla til å elske Gud, ikkje pengar, ha vårt håp i Guds omsorg og plan for liva våre, ikkje det pengane og velferda kan gje oss. Kjelda for livet og trua er og blir Gud. Difor kan vi leve raust.

lære

1.Tim. 6, 6-10 og 17-19

Kva er skilnaden på det som faktisk står i vers 10, og at «pengar er rota til alt vondt»?

Vi tenkjer ofte på pengar som einsbetydande med tryggleik. Kva for bilete teiknar denne teksten av det å stole på pengane sine? Er de einige?

Kva har Jesus med alt dette å gjere? (Les gjerne 2. Kor. 8,9)

vere

Samanliknar du deg oftast med dei som har meir eller mindre enn deg? Kvifor, trur du?

Kva er det som triggjar deg mest til å bruke pengar?

Kjenner du til nokon som verkar å leve raust? Kan du sjå glimt hos dei av «det verkelege livet»? (v. 19)

gjere

Korleis kan noko av det du eig kome familie, venar, naboar, kollegaer, framande eller folk andre stader til gode?

Finst det ein basar, ei innsamling, ein aksjon som de kan gjere ein innsats for, i fellesskap eller kvar for dykk?

Psst! Gje den gåva du har utsett å gje.

ære

spel av
eller syng
(forslag)

Salme:

482 «Deg å få skode»

290 «Takk gode Gud for alle ting»

Lovsong:

«Gi meg Jesus» (D.A. Østby)



opne hender

om gjevarglede og raust liv

bøn

Takk Gud for alt de har fått, som de kan få nyte. Ver konkrete.

Legg finansielle utfordringar og bekymringar fram for Gud.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å forvalte det de har fått og bruke det rett.

litt om serien:

litt om temaet:

-til teneste eller forteneste?

lære

1.Tim. 6, 6-10 og 17-19

vere

gjere

ære



bøn